



Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Gry Walle, 5557 2332
Anniken Friis, 5557 2313

Fråsegn til søknad om vassuttak frå Knappenvatnet

Fylkesmannen rår frå tiltaket fordi det inneber inngrep i villmarksprega og urørt natur. Om det likevel vert gitt løyve, må planane endrast, slik at tiltaket ikkje føre til irreversible skadar på tjern, myrområde og den registrerte naturtypen strandeng og strandsump. I tillegg må demning og jordvollar fjernast etter bruk.

Vi viser til oversendinga 26. august 2018 med søknad om vassutak frå Knappenvatnet med overføring.

Om tiltaket

Søknaden gjeld etablering av magasin i Knappenvatnet og overføring av vatn frå to nabofelt, for uttak av vatn til brønnbåtar på hausten.

Det skal etablerast ein betongdam i utløpet av Knappenvatnet og tre jordvollar, slik at vasstanden vert heva 2,5 meter. Vatnet skal kunne regulerast fem meter; LRV 0 m og HRV 5 m. Det er vurdert å mudre vatnet for å auke volumet i magasinet. etableringa av dammen vert om lag 2600 m² landareal neddemt. Knappenvatnet har utløp til sjø, laksefisk kan ikkje vandre opp. Det skal ikkje sleppast minstevassføring. Uttak av vatn vil skje over ein fem dagers periode, inntil seks gonger i året.

To delfelt skal overførast til magasinet. Innløpsbekken til Blandingsvatnet vert demma opp to meter, til 6 moh. Det går ikkje opp sjøaure til Blandingsvatnet. Frå delfelt A vert det etablert eit 200 mm borehol på 450 meter. Resten av røyrleidninga vert graven ned, diameter på røyrleidninga variere, frå 200 mm til 350 mm.

Vår vurdering

Tiltaket ligg i eit område som er kartlagt som eit særskilt viktig friluftsområde av både regional og nasjonal verdi. Vi er ikkje einig i konfliktvurderinga knytt til friluftsliv i søknaden. Etter vårt syn er den stor negativ. Området er ein del av eit stort turområde som har villmarkspreg og urørt natur. Slike område har ein særleg verdi i ytre kyststrok. I søknaden er det vektlagt at tiltaksområdet er relativt uframkommeleg, og har lite ferdsel, og difor ubetydeleg konsekvens av tiltaket. Nettopp det at



området har villmarkspreget og er urørt av stor verdi, og for mange er det disse verdiane som er ein viktig del av friluftslivet.

Vi er ikkje einig i konfliktvurderinga på naturtype og naturmangfald. Det er ikkje gjort kartlegging av naturmangfald i samband med søknaden. Det må avklarast om myr og våtmarksførekomstane kan klassifiserast som nasjonalt viktig natur, eksempelvis atlantisk høgmyr som er sterkt trua naturtype.

Dette opne kystlandskapet med lynchhei og sørvest vendte bergveggar utgjer kjerneområde for hubro i Hordaland. Førekomst av hubro i tiltaksområdet må avklarast av biolog med erfaring frå kartlegging av arten i lytteperioden (februar/mars).

Søknaden viser at deler av røyrleidninga skal gravast ned. Vi meiner at dette er uheldig. Etter vårt syn vil nedgraving av leidninga føre til skadar på myr i tiltaksområdet, ved at myra vert punktert, at nedgravinga skapar ein dreneringseffekt, og ved å redusere arealet for lokaliteten strandeng og strandsump.

Røyrleidninga må ikkje føre til irreversible skadar på myrområde og den registrerte naturtypen strandeng og strandsump. Myrar har viktige funksjonar i samband med blant anna økosystemtenester. Og det er eit stort fokus på å ta vare på våtmarksområda våre, og å restaurere myrar.

Om tiltaket skal gjennomførast må ein anten sjå på alternativ trase for røyrleidninga, eller leggje røyrleidning i dagen, jf. naturmangfaldlova § 12. Slik at tiltaket kan reverserast utan skade på området, skulle avlusing med ferskvatn ikkje lenger vera eit alternativ/naudsynt, og det ikkje lenger er trong for vatnet. Vidare må overføring av vatn frå nabofelt kunne reverserast, og demningar og jordvollar fjernast etter bruk.

Laksefisk kan ikkje vandre opp i Knappenvatnet eller Blandingsvatnet. Det er sannsynleg at ål vandrar opp og kan nytte vassdraget. Det må difor takast omsyn til ålevandring både opp og ned ved etablering av dam og inntak.

Konklusjon

Fylkesmannen rår frå tiltaket. Om tiltaket likevel skal gjennomførast, må ein sette vilkår om at det vert bygd på ein måte som ikkje fører til irreversible skadar på myr og registrert naturtype. Alle inngrep må kunne reverserast etter bruk. Anleggsfasen kan heller ikkje føre til skade på desse verdiane. Vi legg til grunn at prosjektet skal gjennomførast utan veg, då det ikkje er omtala i søknaden. Det må takast omsyn til ålevandring i vassdraget.

Fylkesmannen ber om å få eventuell detaljplan på høyring.

Med helsing

Eline Orheim
seksjonssjef

Gry Walle
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:

Fjell kommune
Miljødirektoratet

Hordaland fylkeskommune
Jarle Aasen Tingvoll og Beate
Bakkedal

Postboks 184
Postboks 5672
Torgarden
Postboks 7900

5342 STRAUME
7485 TRONDHEIM
5020 BERGEN